

# Janne Mark **Kontinent**

with Arve Henriksen

ACT



## Alternativ salmeskatt

DAG OG TID 24/12 2020

Eit velutvikla dansk-norsk samarbeid set spor etter seg

### **Janne Mark - Kontinent**

Janne Mark, vokal, Arve Henriksen, trompet, resitasjon og elektronikk, Nils Økland, hardingfele, viola d'amore og fiolin, Henrik Gunde, piano, trøorgel, mellotron og vibrafon, Esben Eyermand, bass og Bjørn Heebøll, trommer.

ACT 9742-2

Den danske komponisten og vokalisten Janne Mark omtalar seg sjølv som salmediktar. I 20 år har ho hatt Brørsons kirke på Nørrebro som base for den musikalske verksemda si. Den første plata på Act Pilgrim (2018) fekk med rette stor merksemd og mykje fagnad. Denne plata markerte også innleiinga på eit vellukka samarbeid med Arve Henriksen. Han er også med på denne plata. I tillegg har Nils Økland kome med. Musikken til Mark er moderne og tekstane poetiske og slett ikkje forkynnande. Mark er såleis ingen tradisjonell salmediktar. Uttrykket er lågmælt og ettertenksamt, og dette inntrykket vert forsterka med både Henriksen og Øklands rolle i prosjektet. Introen på "Ny begynnelse" er ei perle av Økland. Han har først og fremst rollen som fargeleggjaren. Henriksen har ein meir sentral plass i prosjektet med komposisjonane "Psalm for A Tree" I og II og som hovudsolist. Koret på "July" er noko av det sterkaste Henriksen har servert på ei stund. Resitasjonane til Henriksen er også eit stort pluss for produksjonen. Mark har inga mektig røyst, men det nøkterne uttrykket og den svake vibratoen står perfekt til Henriksens trompetsound. Kompet til Gunde, Eyermann og Heebøll er av det minimalistiske slaget. Opningslåten "Alltid allerede elsket" illustrerer dette på strålande vis. Her blir det ikkje spelt ein tone for mykje. Ei viktig plate.

*Lars Mossefinn*